



Invitasjon til møte om sentralt gitt eksamen 2023

Denne invitasjonen går til postmottak i alle kommunane i Møre og Romsdal. Vi ber om at denne snarast vert vidaresendt til den som er eksamensansvarleg i kommunen.

Vi inviterer med dette til møte om eksamen og vurdering for grunnskulen våren 2023. Møtet blir gjennomført som webinar i Teams. Innhaldet vil vere ein generell gjennomgang av nytt på feltet, samt sentrale fristar og funksjonar i PAS-eksamen.

Primært vil vi ha fokus på oppgåvene til skuleeigar, som har ansvar for å følgje opp skolane/vaksenopplæringssentra i heile eksamensperioden. Av den grunn går denne invitasjonen til eksamensansvarleg i kommunen. Vi gjer vidare merksam på at innhaldet på møtet også vil vere relevant for rektorar/ansvarlege for eksamen på dei offentlege og private skulane samt vaksenopplæringssentra.

Førebels agenda for møtet:

- Nytt om eksamen og vurdering
- Generell informasjon om eksamen våren 2023
 - Sentrale fristar og datoar
 - PAS/PGS (Nytt gjennomføringssystem)
 - PAS-eksamen for skuleeigar / skuleadministrator

Tidspunkt for møtet: Onsdag 08. februar, kl. 13.00 – 15.30

Det blir opna for spørsmål i chat til slutt i møtet. Send gjerne spørsmål inn på førehand. Statsforvaltaren vil som vanleg vere tilgjengeleg for rettleiing og spørsmål gjennom heile eksamensperioden.

Påmelding til møtet: [HER](#)

Vi sender ut påloggingslenke til møtet dagen før møtet.



Vi ber om at de held av tidspunktet og gjer ei vurdering av korleis de ønsker å involvere rektorar / eksamensansvarlege på offentlege og private skular, samt vaksenopplæringssentra.

Kopi:

Brevet er også sendt som e-post til skolefagleg ansvarleg i kommunen og skular med ungdomstrinn (inkl. private) og vaksenopplæringssentra.

Med helsing

(e.f.)

Annhild Merete Lorentzen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakere:

Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN